



Lars-Otto Høggquist  
Vardane 137  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1034 - 19/14158

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
08.05.2019

## Førebels vurdering av søknad om arealoverføring - gbnr 134/4 Hilland

Vi viser til dykkar søknad om arealoverføring frå gbnr 134/4 til gbnr 134/445, mottatt 28.03.2019 og sist supplert 10.04.2019. Arealet si samla storleik er 167m<sup>2</sup>. Arealet skal vere ein del av dykkar bustadtomt.

Arealoverføringa er grunngeven i ønsket om å kunne naturleg forlengje dykkar bustadtomt. Deler av arealet skal nyttast til biloppstillingsplass. Arealet har ikkje vore brukt sidan dykk tok i bruk dykkar bustad for 8 år sida og arealet står no til forfall. Vidare forfall av arealet vil forringe verdien for dykkar eigedom. Deler av arealet er sett av til gangsti i reguleringsplanen. Det er ønskeleg å utbetre dette arealet både funksjonelt og estetisk.

### Planstatus

Bustadeigedomen - gbnr 134/445 - ligg innafør det som i reguleringsplanen Hilland Vest bebyggelsesplan felt 7 del 1 og definert som bustadføre mål. Det omsøkte arealet er ein del av eigedomen – gbnr 134/4. Arealet på 133m<sup>2</sup> er definert som køyreveg/snuhammar og ligg innafør Hilland Vest bebyggelsesplan 5. Arealet på 34m<sup>2</sup> er definert som tursti i Hilland vest bebyggelsesplan felt 7 del 1. Plankart og føresegner er lagt ved dette skriv.

Hilland Vest b.plan 5



Hilland vest b.plan felt 7 del 1



Situasjonskart, datert 28.03.19



Innleiingsvis vert det framheva at det er ein god intensjon å få omsøkt areal frådelt til dykkar bustadeigedom for å kunne drifte- og vedlikehalde arealet.



Køyrevegen og snuhammarar går inn planområdet for Hilland Vest i sin heilhet, sjå plankart. Turstiar er nytta i heile planområdet som inkluderer alle bebyggelsesplanar. Å opne for frådelling av areal avsett til køyreveg/snuhammar og turstiar, vil gje ein uheldig presedensverknad utad. Med godkjent frådelling av omsøkt areal, vil fleire kunne søkje om tilsvarande areal frådelt til sine bustadeigedomar. Å frådele snuhammarar, køyreveg og turstiar vil hindre rett bruk av planen. Dersom arealet skal kunne delast frå slik de søker om, vil det krevje endring av arealføremålet i reguleringsplanen.

Alternativt vil vi råde dykk til å gå saman med naboar og opprette eit sameige for drift og vedlikehald av køyreveg/snuhammarar og turstiar for Hilland Vest. Dette krev at areala frådelast med eige gards- og bruksnummer til sameiget for drift- og vedlikehald av areal avsett til køyreveg/snuhammarar og turstiar.

På denne bakgrunn vil vi råde dykk til å trekkje innsendt søknad. Dersom søknad oppretthaldast, vert det gjeve avslag.

Kommunen ber om at det vert gjeve ein tilbakemelding om søknaden vert trekt eller oppretthalden **innan 22.05.2019**. Dersom ein tilbakemelding ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Hilland vest bebyggelsesplan 5  
Hilland bebyg.plan felt 7\_del1  
Føresegner2005  
Hilland vest 21.4.97 kart

### **Mottakarar:**

Lars-Otto Høgquist

Vardane 137

5911

ALVERSUND